

Ekstern
skulevurdering
hausten 2023

Risvoll skule
Sauda kommune



Tilbakemelding frå vurderingsteamet

Svein Carlos Gjil (Barnehage- og skulesjef i Vindafjord kommune)

Anita Jørstad Grindheim (Einingsleiar Sandeid oppvekstsenter)


Bente Baaserud (PP-rådgjevar)

Britt-Mona Vang (Regional kompetanse- og utviklingsrettleiar)



Utviklingsområde:

Kunnskap gir trivsel





Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med skulen sitt utviklingsområde er det laga eit **framtidsbilete** som skal vise korleis det er på skulen når alt er optimalt. Vi har sett på dette i forhold til barn, føresette, tilsette og leiinga
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd **kriterier** og **kjenneteikn** på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor skulen står når det gjeld:
 - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
 - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
 - Føringer i opplæringslova og læreplanverket (LK20)
- Presentasjonen gir til slutt råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet og oppfylle læreplanverket



FRAMTIDSBILETE

- På Risvoll skal alle få bli den beste versjonen av seg sjølv.
- På Risvoll vågar me å prøva noko heilt nytt når det me gjer ikkje fungerer.
- På Risvoll hjelper elevane lærarane i planlegging av nye tema.
- På Risvoll veit elevane kva elevmedverknad er.
- Me på Risvoll tileigner oss kunnskap på ulike måtar gjennom samarbeid med kvarandre og læraren.





KRITERIER

1. Alle elevar opplever læring og meistring i eit variert, utforskande og trygt miljø
2. Dei tilsette legg til rette for kunnskapsutvikling og trivsel
3. Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling
4. Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt bevisst og målretta for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Metodar

- Dokumentasjon frå skulen
- Samtalar
 - elevar
 - føresette
 - tilsette
 - rektor
- Observasjon i ulike situasjonar, inne og ute





Utval

- Observasjon på alle klassesetrinn i dei fleste fag og på skuleplassen
- Gruppesamtalar med 12 barn, frå alle trinn
- Uformelle samtalar med barn frå ulike klassar
- Samtale med 1 fagarbeidar
- Samtale med 11 lærarar, frå alle trinn
- Samtale med 5 føresette frå FAU
- Daglege samtalar med rektor

Kriterium 1

Alle elever opplever læring og meistring i eit variert, utforskande og trygt miljø

Me har sett/opplevd/høyrte om:

- Elevar som blir sett og anerkjent av lærarar og andre tilsette i både timar og friminutt
- Elevar som opplever trygge relasjonar til medelevar og lærarar/andre tilsette
- Elevar som opplever sosial og fagleg meistring
- Elevar som får velje arbeidsmåtar
- Elevar som nokre gongar får vere med og bestemme ting i fag





Kriterium 2

Dei tilsette legg til rette for kunnskapsutvikling og trivsel

Me har sett /opplevd/høyrte om:

- Tilsette som gir elevane tru på seg sjølv og at dei kan meistre
- Lærarar som gir læringsstøtte til elevar som treng det
- Lærarar som formidlar forventningar om gjennomføring
- Lærarar som skiftar aktivitet i løpet av ei læringsøkt
- Nokre tilsette som jobbar med sosial og fagleg læring parallelt, t.d. ved val av læringsaktivitetar

Kriterium 3

Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling

Tilbakemeldingar me har fått:

- Dei føresette opplever at skulen er ein trygg og god plass for ungane deira
- Dei føresette opplever at dei blir tatt på alvor viss dei tar kontakt med skulen om sosiale og/eller faglege utfordringar for barnet sitt
- Skulen legg til rette for at føresette kan vera gode medspelarar i praktiske ting knytt til skulen
- Dei føresette vil gjerne vere med og støtte elevane si utvikling, men er usikre på korleis dei kan bidra



Kriterium 4

Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt bevisst og målretta for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Me har sett/opplevd:

- Leiinga viser retning når det gjeld pedagogiske prioriteringar i arbeidet med skulen sitt utviklingsområde basert på analyse av tilgjengelege data
- Leiinga legg til rette for utvikling av felles pedagogisk praksis gjennom erfaringsutveksling, samarbeid og utviklingsmøter
- Personalet har utvikla ein kultur for deling, men det er ikkje sett i system

RÅD TIL VIDARE ARBEID

SKULEN BØR:

1. Byggje vidare på det gode arbeidet med relasjonar og at 'alle elevane er våre'

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom observasjon og samtale at skulen er god på dette, og at det derfor er viktig å ikkje miste fokuset på det

ALLE TRENG Å



BLI SETT

BLI TOLT

HØYRE TIL



RÅD TIL VIDARE ARBEID

SKULEN BØR:

2. Legge meir til rette for arbeidsmåtar som er i tråd med prinsipp for læring, danning og praksis i LK20 – Overordna del (kap. 2+3)
t.d. medverknad, utforsking, skaparevne, undring, djupnelæring

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde ved observasjon og i samtale med elevar at det er relativt lite variasjon i måtar elevar kan lære på, og at elevane sjeldan får utforske, medverka og undra seg i si eiga læring

RÅD TIL VIDARE ARBEID

SKULEN BØR:

3. Sjå på korleis ein som skule kan involvera dei føresette som ressursar i læringsarbeid òg.

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom samtale at dei føresette gjerne vil vera med og støtte elevane si utvikling, men er usikre på korleis dei kan bidra



RÅD TIL VIDARE ARBEID

SKULEN BØR:

4. Styrke det profesjonelle læringsfellesskapet for å spela kvarandre gode
 - Kollektiv fundert praksis utan å miste rom for kreativitet og eigenart
 - Setja utvikling av felles praksis i system


Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde ved observasjon og i samtaler at det er svært mykje god fagleg kompetanse på skulen som bør kome alle lærarar og dermed alle elevar til del.

Spørsmål til refleksjon i det profesjonelle læringsfellesskapet

- Kan behov for kontroll hindra oss i å prøve ut metodar vi ikkje kjenner oss heilt trygge på?
- Korleis kan vi saman finna balansen mellom struktur/system og kreativitet/utforsking?
- Korleis kan ein betre integrera fagleg og sosial læring slik at dei forsterkar kvarandre positivt?

LER IKKJE AV KVARANDRE.





Prosessen vidare

- Rektor, kommunalsjef og skulekontakt i PPT har eit møte innan midten av januar 2024 for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet. Rektor har ansvaret for å kalle inn til møtet.
- I møtet blir ein samde om ein plan for korleis skulen skal jobbe skulebasert for å følgje opp råda, samt gjennomføre og evaluere tiltak som blir sett i verk.
- Ein blir samde om korleis skuleeigar skal støtte skulen i dette arbeidet